

# JUSTERING AV UTVIKLINGSPLAN 2035 FOR HAUKELAND UNIVERSITETSSJUKEHUS, HELSE BERGEN HF

ORIENTERING FOR SAMARBEIDSUTVALA, DESEMBER 2021

PROSJEKLEIAR INGVILD SUNDE OG RÅDGJEVAR NINA NÆSHEIM

## Kvifor tar vi opp att utviklingsplan 2035 no – planen blei vedteken i 2018



Oppdrag i styringsdokumentet 2020 frå Helse Vest RHF:


*«...lage ny lokal utviklingsplan [...] innan utgangen av 2021.»*

Avgjersle i føretaksleiinga mars 2021:

**Vi gjer ei **justering** av Utviklingsplan 2035**

OPPDATERE – KORTE NED – DIGITALISERE (*delvis*)

# Samanheng i planverket vårt





## Kva har vi gjort i utkast til justert utviklingsplan?

1. Vi har kutta 20 sider no-situasjon (tidl. kap. 2)
  - Kort omtale av styringa av sjukehuset
  - Viser til styringsportalen, årleg melding mm.
2. Vi har innarbeide strategi 2017-2022 i utviklingsplanen – utviklingsplanen vil vere det overordna strategiske dokumentet for Haukeland universitetssjukehus
3. Vi har korta ned, spissa og oppdatert kapitla om utfordringsbiletet og løysingsmoglegheiter (kap. 3 og 4)
4. I kapittel 5 har vi:
  - Gjort måla tydelegare
  - Flytta ut tiltaka til delplanar mm.



Samandrag av Utviklingsplan 2035 .....	
Kapittel 1. Innleiing.....	
1.1 Om gjennomføringa av Utviklingsplan 2035 .....	3
1.2 Om Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF .....	3
Kapittel 2. No-situasjonen i Helse Bergen .....	3
2.1 Pasientane si helseteneste .....	3
2.2 Pasienttryggleik, kvalitet og opplæring av pasientane.....	4
2.3 Samhandling og oppfølging .....	7
2.4 Organisering og bemanning .....	9
2.5 Bemanning og planleggjing .....	10
2.6 Forsking og innovasjon.....	14
2.7 Økonomi .....	15
2.8 Teknologi og utstyr.....	17
2.9 Areal og infrastruktur .....	18
2.10 Klima og miljø .....	20
Kapittel 3. Strategiar og føringar .....	20
Kapittel 4. Utviklingstrekk .....	22
4.1 Befolkningsutviklinga.....	22
4.2 Sjukdomsutvikling.....	23
4.3 Eiterspørsel og åtferd i befolkninga .....	25
4.4 Behov og tilgang på personell og kompetanse .....	26
4.5 Økonomiske rammer og andre rammer.....	28
Kapittel 5. Analyse av moglegheiter.....	31
5.1 Tillit til pasienten/brukarane.....	32
5.2 Førebygging .....	33
5.3 Forsking og innovasjon - teknologiske og medisinske framsteg .....	34
5.4 Samhandling.....	38
5.5 Organisering og leiing .....	40
5.6 Kompetanse og arbeidstid.....	42
5.7 Areal og infrastruktur .....	46
Kapittel 6. Grepa vi skal gjere framover .....	55
6.1 Oversikt over grepa .....	55
6.2 Detaljert om kvart av grepa.....	56
Vedlegg.....	69





## I 2035 skal Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF vere kjenneteikna av at:

1. Tenestene i sjukehus og kommunar heng saman og pasientane får helsehjelp på rett nivå til rett tid
2. Regionssjukehuset er framleis leiande i medisinsk-fagleg utvikling og utdanning, og gir helsetenester av høg kvalitet saman med dei andre sjukehusa i regionen
3. Barn og unge har koordinerte, heilskaplege helsetenester av god kvalitet når dei treng det
4. Pasientar med psykisk sjukdom og rusliding har betra si psykiske og somatiske helse og auka sin levealder
5. Eldre med samansett sjukdomsbilete har heilskapleg og nyttig helsehjelp tilpassa deira behov
6. Pasientar og deira pårørande har kunnskap og verktøy til å ta vare på si for eiga helse
7. Sengepostane har høg kvalitet i pasientbehandlinga, god drift og gode arbeidstilhøve
8. Pasientane får koordinerte, føreseielege, fleksible og digitale tenester i poliklinikk
9. Operasjons- og intensivkapasitet dekker behova til pasientane som skal ha slik behandling
10. Laboratorietenester og bildediagnostikk blir brukt på rett måte og bidreg til at pasientar får effektiv behandling
11. Co2e-utslippa er redusert med 40 prosent innan 2030 og det er sett i verk tiltak for å vere klimanøytrale innan 2045

## Vi ber om innspel til justeringa av utviklingsplan 2035 – forslag til prosess

- Justert utviklingsplan vert sendt postmottaka i kommunane og til SU-ane i veke 50
- Mal for innspel vert lagd ved
- Frist for innspel sett til 17. januar 2022
- Samarbeidssekretariatet samordnar innspela og sendar dei tilbake til oss

**Takk for merksemda!**